



Frode Bu kan snart starta prosjektet sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Frode Bu//Byggpartner Kvinnherad har no fått igangsetningsløyve av kommunen for prosjektet sitt på Ytre Eik. Løyvet gjeld vatn- og kloakkanlegg, grøfter, veg og parkeringsplassar og Eik Rørleggerforretning er ansvarleg søkjar.**

Tiltaket kan igangsetjast straks, men det er fleire vilkår:

\* For bustader/fritidsbustader som skal byggjast nærare offentleg veg anlegg enn 50 meter, lyt det utgreiast behov for eventuelle støytiltak før byggjesøknadar kan godkjennast.

\* Kryss mot offentleg veg skal vere godkjent av vegvesenet før igangsetningsløyve for nye bustader i planområdet vert gjeve.

\* Det lyt sendast inn dokumentasjon på kritisk kontrollområde for nødvendig sikkerheit når det gjeld skjering, nødvendig mur, gjerde eller rekkverk, før bruksløyve for teknisk anlegg kan gjevast.

\* Grøntfelt mellom parkeringsplass P1 og kjøreveg skal behandlast parkmessig.

Naboar og gjenbuarar er varsla og det ligg ikkje føre protestar.